

Torsdag 26. desember (2. juledag) er det klart for julefest med dans på Dønhaug. To hovudartistar vil vera i sving denne kvelden; ORBO (Ole Reinert Berg-Olsen) og Robert Smith-Hald. Dei stiller begge med fullt band.



Robert kjem att til Dønhaug. Foto: Ola Matti Mathisen

Både **Berg-Olsen og Smith-Hald** lagar tekstane og musikken sin sjølv. Musikken som vil bli presentert spenner over eit vidt spekter, alt frå rock, blues, til pop/roots, rock'n roll og også litt country-prega.

– Med andre ord, god musikk til å dansa etter for dei fleste aldersgrupper, i tillegg til flott musikk å lytta til  
ORBO vann Spelemannsprisen i blues-klassen i 2009 for albumet 'High Roller', og har til ORBO hartotalt gitt ut sju album, både som soloartist og med bandet ORBO & The Longshots. Siste albumet hans, 'Steingard' kom ut i 2013 med norske tekstar.

Robert Smith-Hald har fleire gonger vitja Uskedalen, og bør difor vera godt kjend for musikkinteresserte kvinnheringar. Robert kjem frå Pennsylvania i USA, der han vaks opp i eit nesten sjølvforsynt, bortgøymd trussamfunn. Familien flytta til Norge, og Robert har slått seg ned i Bergensområdet og blitt ein del av musikkmiljøet i Bergen.

I 2009 kom debutalbumet 'Innocence Said', som hausta strålende kritikkar med blant anna terningkast fem i Dagbladet. I 2012 kom det andre albumet, "Thou Mayest". Denne vart spela inn i Nashville saman med legendar som Paul Griffith (John Prine) og Reese Wynans (Stevie Ray Vaughan-Double Troubl), og med Erick Jaskowiak og norske ORBO som produsentar. Album 3 kjem i mai.

Vertskapet på Dønhaug lovar topp romjulsstemning til fantastisk live-musikk, og sjølv om vi ikkje kan lova at Børsdalsnissen er på plass, ser vi ikkje bort frå at gjestene sjølv vil laga litt nissetøys. Det vil vera eit stort varmeanlegg på plass på låven, og dessutan kan gjestene kosa seg i rolegare omgivnader i Dønhaugkjedlaren til levande lys og fyr på gruva.

Førehandssal av billetter blir på Statoil Husnes og på Spar og Dønhaug

**Magne Huglen**